

## **Budsjettmidlar til Frivillegsentralane**

Utfrå skriv og opplysningar eg har fått, ser eg det som tenleg i denne saka ikkje berre å vende seg til kommunale eldreråd og kommunepolitikarar, men og å sende eit notat til Stortingsbenken vår med oppfordring om å arbeide for at tilskotet til frivillegsentralane igjen vert øyremerka.

Viser til utdrag av skriv frå Norges Frivillegsentralar.

Nyhetsbrev 10.september 2019:

Norges Frivillegsentralar har hatt lobbyverksemd direkte inn mot Stortinget. Dette har resultert i at «mange lokale og nasjonale politikere har gitt sin støtte til oss, og en samlet opposisjon krever at vi forblir på statsbudsjettet».

Jonas Gahr Støre har lagt ut innlegg på eiga facebookside, Åslaug Sem-Jacobsen(SP) og Jorodd Asphjell(AP) har stilt skriftleg spørsmål til både Kommunal- og Kulturministeren.

Nyhetsbrev 22.august 2019:

«Vårt politiske arbeid fortsetter, og kort oppsummert mener alle partier i Stortinget at sentralene er viktige! Opposisjonen er helt klar i sin mening – de vil at tilskuddsordningen skal snus tilbake. Regjeringen har en annen mening og støtter ikke uventet flertallsvedtaket. Positivt er det at de følger godt med, og vi har veldig god kontakt med enkelte stortingsrepresentanter».

## Til Eldreråda i kommunane

SAK: Budsjettmidlar til Frivilledsentralane

Fylkeseldrerådet er blitt kjent med at frå og med 2021 vert statstilskotet til Frivillegsentralane ein del av dei frie midlane kommunane får frå staten. Dette har ført til uromeldingar frå eldreråd og pensjonistforeiningar. Ut frå skriv frå Norges Frivilligsentraler ser vi at opposisjonen på Stortinget vil arbeide for å få dei øymerka midlane tilbake på budsjetta. Vi sender difor ei oppmoding til Stortingsbenken frå Sogn og Fjordane om å arbeide for dette.

Lukkast ein ikkje her vert det, mellom anna, ei oppgåve for dei kommunale eldreråda å arbeide inn mot politikarane i kommunane for å sikre ein tenleg og forsvarleg økonomi til Frivillegsentralane.

Fylkesrådet for eldre ber difor om at dei lokale eldreråda syter for at denne saka kjem på dagsorden og at dei fylgjer den opp i budsjettprosessane.

Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane

## Til «Stortingsbenken» frå Sogn og Fjordane

SAK: Budsjettmidlar til til Frivillegsentralane

Etter oppfordring frå eldreråd og pensjonistforeiningar vil vi be om at de som våre utsende representantar, tek tak i denne saka og syter for at budsjettmidlane til Frivillegsentralane blir verande på statsbudsjettet også etter 2021.

Vil elles vise til oppsummering av Nyhetsbrev frå Norges Frivillegsentralar datert den 22.08.2019:

«kort oppsummert mener alle partier i Stortinget at sentralene er viktige! Opposisjonen er helt klar i sin mening – de vil at tilskuddsordningen skal snus tilbake». Her har regjeringa ei anna meining.

I Nyhetsbrev datert den 10. september 2019 står det:

«Mange lokale og nasjonale politikere har gitt sin støtte til oss og en samlet opposisjon krever at vi forblir på statsbudsjettet.»

Vidare har Jonas Gahr Støre lagt ut eit innlegg på si eiga facebookside, Åslaug Sem- Jacobsen(SP) og Jorodd Asphjell(AP) på Stortinget har stilt skriftleg spørsmål til både Kommunal- og Kulturministeren om løyvingane til Frivillegsentralane. Her ventar dei framleis på svar.

Fylkeseldrerådet set si lit til og vonar at de som Stortingspolitikarar, ser kor viktig Frivillegsentralane er for lokalsamfunna, fylgjer opp denne saka og får øyremerka midlar tilbake på statsbudsjettet. Dette håpet har vi for både dei som for tida er i posisjon og dei som er i opposisjon.

Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane